



Arkivsak

24/04666-16

Sakshandsamar

Stig Larsen

Saksgang

Partssammensatt utvalg

Yrkesopplæringsnemnda

Telemark ungdomsråd

Fylkeskommunalt råd for personer med
funksjonsnedsettelse

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

27.05.2025

27.05.2025

22.05.2025

22.05.2025

05.06.2025

11.06.2025

19.06.2025

Forprosjekt på Nome videregående skole og samla løysing for Bø/Nome/Notodden - oppfølging av sak 147/24

Innstilling frå fylkesdirektøren

Det tas til orientering at:

Fylkesdirektøren startar eit forprosjekt for Nome videregående skole, avdeling Sørve, for å få fram eit grunnlag for iverksetjing av detaljprosjektering og eventuell bygging av nytt verkstadbygg, administrasjonsbygg og lager.

Forprosjektet, med 8 mill kr sett av i handlings- og økonomiplan 2025-2028, blir løyst i samanheng med verbalvedtak 1 i same sak (10+10 mill. kr. til investeringar på avdeling Sørve, Nome videregående skole.)

Fylkesdirektøren vurderer fleire tiltak for å redusere arealbehovet på Sørve i samband med ei samla løysing for Bø, Nome og Notodden videregående skular. Dette blir lagt fram for heilskapleg behandling i sak om skole- og tilbudsstruktur hausten 2025. Dei økonomiske konsekvensane innarbeidast i handlings- og økonomiplan 2026-29

Fylkesdirektøren gjennomfører en brei høringsprosess om alternative tiltak i skoletilbudet.

Bakgrunn og saksgang

Fylkestinget vedtok under vedtakspunkt 3 i sak 147/24 å starte eit forprosjekt med sikte på å erstatte verkstadbygget, administrasjonsbygget og hagebruksbygget på Nome videregående skole, avdeling Sørve. Under behandlinga av Handlings- og økonomiplan for 2025-2028 vedtok

fylkestinget i tillegg under Verbalpunkt 1: *Fylkestinget har vedtatt 10 + 10 millioner ihhv 2025 og 2026 investering til Nome Vgs Søve.*

Vedtaka knytt til Nome vidaregående skole bør sjåast i samanheng. Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse vart orientert om vurderinga frå fylkesdirektøren i utvalsmøtet 4. februar 2025.

Utbyggingsbehovet på Søve blir også påverka av utgreiingsarbeidet for ei samla løysing for Notodden, Bø og Nome vidaregående skular. (Vedtaks punkt 2, sak 147/24).

Saka vart drøfta med fylkestillitsvalde i Telemark i medbestemmingsmøte 5. mai. Dei tillitsvalde gav tilslutning til saka.

Saka leggjast fram til uttale i ungdomsrådet, rådet for personar med nedsett funksjonsevne, yrkesopplæringsnemnda, partssamansett utval og hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget, som gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Ei samla løysing for Bø, Nome og Notodden vidaregående skular og forprosjekt Nome vidaregående skole, avdeling Søve sjåast i samanheng.

Søve

Nome vidaregående skole avd. Søve har tre bygg som har ein teknisk og funksjonell tilstand som gjer at dei må erstattast innan rimeleg nær framtid. Desse bygga er:

- Verkstadbygget (inneheld i dag maskinverkstad, sveiseverkstad, skogbruksverkstad, trearbeidsverkstad, anleggsgartnerverkstad)
- Administrasjonsbygget (kontor, lærararbeidsplassar, lager, resepsjon)
- Hagebruksbygget (lager)

Moglegheitsstudien som låg til grunn for vedtaket i sak 147/24 syner at det er mogleg å rive kondemnabile bygg og å oppføre verkstadbygg, administrasjonsbygg og lager innanfor ei kostnadsramme på om lag 200 mill. kr. (2024-kroner) – sjå omtale i Handlings- og økonomiplan 2025-2028 s. 30.

Dersom allereie tilgjengelege areal i omkringliggjande skolebygg blir tekne i bruk, kan investeringsbehovet reduserast vesentleg.

Fylkesdirektøren har vurdert konsekvensane for eit investeringsprosjekt dersom tilbodet Vg2 anleggsgartner blir frå flytta Søve til Lunde. Ei flytting av desse 15 elevplassane kan åleine medverke til at det omtalte investeringsbehovet på Søve blir mellom 30 og 40 mill. kr. rimelegare enn anslag i moglegheitsstudia.

Bø, Nome og Notodden vidaregående skoler

Når det gjeld det samla tilbodet for Bø, Nome og Notodden vidaregåande skular, har fylkesdirektøren greidd ut ei rekkje alternativ. Felles i alle alternativa er flytting av anleggsgartner Vg2 frå Sørve til Lunde.

Fylkesdirektøren har vurdert å flytte påbyggtilboda Pb3 frå høvesvis Nome avdeling Sørve og Notodden til Bø vidaregåande skole.

I tillegg er det vurdert å flytte helsefag frå Notodden og Lunde til Bø, elektrofag frå Notodden og eventuelt Lunde til Bø, sal, service og reiseliv frå Notodden til Bø, logistikkfaget og landslinja for Vg3 yrkessjåførar frå Notodden til Nome vidaregåande skole avdeling Lunde, og dessutan påbygg frå Notodden og Nome vidaregåande skular til Bø vidaregåande skole.

Fylkesdirektøren har også vurdert ei samling av all vaksenopplæring på ein av skolestadene. Eventuell skiping av eit restaurant- og matfagtilbod er også vurdert på nytt.

Sidan desember 2024 har elevtalet på Notodden vorte redusert noko. Vedtak i saker om skoletilbod har redusert elevtalet på påbygg 4, helsefagarbeidar og teknologi og industriell produksjon. I tillegg har innføringa av modulstrukturert opplæring for vaksne vesentleg redusert talet på deltakarar i vaksenopplæringa som er inne på skulen.

Fylkesdirektøren har i arbeidet sitt hatt deltaking frå leiinga ved skulane og fylkestillsvalde. Det er gitt jamlege orienteringar frå fylkesdirektøren i medverkingsmøtet. Skulane har hatt dialog om arbeidet i medverknadsorgan for elevar og tilsette. Ungdomsrådet er jamleg orientert om arbeidet.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Innstillinga legg til rette for at Telemark fylkeskommune skal kunne vareta god opplæring for elevane samtidig som arealutnyttinga til fylkeskommunen blir betre og at investeringsbehovet blir redusert. Investeringsbehovet på Sørve er kort omtalt i Handlings- og økonomiplan 2025-2028. Fylkesdirektøren vil innarbeide tal frå føreslått forprosjekt i fylkesdirektørens forslag til handlings- og økonomiplan for 2026-2029.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Betre arealutnytting og reduksjon i talet på nybygde kvadratmeter bidrar til å nå klimamål i fylket.

Den samla strategien på utdanningsområdet kan bidra til høgare måloppnåing for FNs bærekraftsmål 4 om god utdanning, mål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst og mål 10 om mindre ulikskap.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at det er mogleg å ta ned naudsynt investeringsbehov på Nome vidaregåande skole, avdeling Sørve betydeleg gjennom å flytte tilbodet bygg- og anleggsteknikk Vg2 anleggsgartner til avdeling Lunde. Sjølv om dette blir dimensjonert til mellom 12 og 15

plassar i dei årlege behandlingane av skoletilbodet, er det spesialiserte og kostbare lokale å byggje. I tillegg til å redusere investeringsbehovet, vil ei slik flytting auke arealutnyttinga i Lunde.

Fylkesdirektøren vurderer vidare at ei flytting av tilbodet Vg3 Påbygg til generell studiekompetanse frå Nome vidaregåande skole avdeling Sørve til Bø vidaregåande skole (30 plassar) er eit godt grep. Tiltaket kan ta ned investeringsbehovet på Sørve ytterlegare, og krev ingen investeringar på Bø vidaregåande skole. Ei slik flytting vil auke arealutnyttinga på Bø, som har mykje ledig areal. Påbyggtilbodet passar godt inn i den studieførebuande profilen til skolen, og tiltaket krev ingen investeringar.

Fylkesdirektøren vurderer at ei flytting av Vg3 Påbygg til generell studiekompetanse frå Notodden vidaregåande skole til Bø vidaregåande skole (30 plassar) er mogleg. Ei flytting av påbyggtilbodet frå Notodden til Bø vil styrkje Bø vidaregåande skole, og kan føre til at nokre fleire elevar vel å søkje påbygg på Rjukan vidaregåande skole. Samtidig ser fylkesdirektøren at det allereie er gjennomført tiltak for å redusere elevtalet på Notodden vidaregåande skole, og der igjennom skapt ein betre balanse mellom tilgjengeleg areal og skoletilbod.

Fylkesdirektøren tilrår ikkje større grep eller tiltak i dagens skoletilbod mellom skulane Notodden, Bø og Nome. Fylkesdirektøren vurderer at dei tre skulane har ein tydeleg profil og ei god fordeling av fag. Når vidareføring av dagens skolestruktur ligg som ein premiss for utgreiingsarbeidet, vurderer fylkesdirektøren at ytterlegare flytting av tilbod mellom skulane vil auke investeringsbehovet samtidig som det vil bryte med andre vedtekne føringar for skoletilbodet slik som robuste fagmiljø og profesjonelle støttefunksjonar. Særleg gjeld dette flytting av yrkesfaglege tilbod. Fylkesdirektøren vurderer at den venta elevtalsnedgangen gjer at det ikkje bør greiast ut nye tilbod i regionen utan at det samtidig blir peika på kva tilbod ein ønskjer redusert eller lagt ned.

Konsekvensane av ei eventuell flytting av ein påbyggklasse frå Sørve er enklare å justere for undervegs i prosjekteringa enn tilbod som krev verkstader. Fylkesdirektøren vurderer derfor at ei mogleg flytting av påbyggtilbodet Pb3 til Bø blir behandla i samband med det samla skoletilbodet hausten 2025. Fylkesdirektøren vil i mellomtida leggje ut forslaget til høyring, og opne for at elevar, tilsette, kommunar, opplæringskontor, bransjeorganisasjonar, partane i arbeidslivet og andre kan uttale seg om forslaga, og eventuelt komme med andre innspel.